

Vegnummer: E39
 Kommune: Meland
 Prosjekt: 2013-204
 Saksnummer: 16/12005
 Saksbehandlar: Jorunn Nesheim

Kjøpekontrakt

Kjøpar

Staten ved Statens vegvesen Region vest

Seljar

Meland Kommune, eigar av gnr. 1 bnr. 338, gnr.1 bnr.339 og gnr.1 bnr.340 i Meland kommune
 Adresse: Postboks 79, 5906 FREKHAUG

1. Kontrakten gjeld

Seljar avstår nødvendig grunn og tilhøyrande rettar til utbetring av E39, prosjektet E39
 Midtrekkverk/midtdelar Tuft-Flatøy.

Inngrepet går fram av «Reguleringsplan for E39 over Flatøy» godkjent 11.12.2013 av
 Meland kommunestyre. Kartutsnitt på s.3 viser oppmålte areal som går med.

Dersom ikkje anna er avtalt, avstår seljar grunnen med alle påståande innretningar,
 vegetasjon, matjord med vidare.

2. Erstatning

Partene er einige om denne erstatninga:

Type erstatning	Mengde	a kr	Sum kr
Eksisterande veggrunn m/tilgrensande areal	3004 m ²	0,00	0,00
Total erstatning:			0,00

3. Spesielle kontraktsvilkår

4. Generelle kontraktsvilkår

Desse generelle kontraktsvilkåra gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

a) Kva erstatninga skal dekkje

Kjøpesummen skal dekkje avståing av grunn og rettar, samt alle skadar og ulemper som har
 samanheng med avståinga, eller med det vegtiltak det ervervas til fordel for.

Erstatning for skade og ulempe som følgje av anleggsdrifta, er haldne utanfor og vil bli
 behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

b) Flytting av gjerde og andre innretningar

Eventuell frist for å flytte gjerde eller andre innretningar som seljar skal behalde, er oppført i punkt 3. Seljar skal plassere gjerdet etter tilvising frå kjøpar.

c) Leidningar

Kjøpar utfører og betaler for nødvendig omlegging av lovleg plasserte leidningar. Det gjeld likevel ikkje dersom løyvet til å leggje leidningane er gitt på spesielle vilkår.

d) Avkøyrslar og tilkomstforhold

Eventuelle endringar i avkøyrslar eller tilkomstforhold går fram av planteikningane eller er oppførte under punkt 3. Kjøpar har ikkje ansvar for å vedlikehalde avkøyrslar eller tilkomstvegar i framtida.

e) Tiltreding av eigedommen

Kjøper kan ta grunnen i bruk (tiltre eigedommen) når denne kontrakten er underskriven av begge partar.

f) Registrering i det offentlege eigedomsregisteret – matrikkelen

Kjøpar sender melding til kommunen om at denne kontrakten er inngått, slik at kontrakten blir registrert i matrikkelen (jf. § 48 i føresegn til matrikkellova). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

g) Tinglysing

Denne kontrakten kan tinglysast på eigedommen gnr. 1 bnr. 338. Kontrakten kan ikkje slettast utan samtykke frå kjøpar. Kjøpar er ansvarleg for kostnadene ved tinglysinga.

5. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Seljar

14.12.2017

Dato

Ø. H. Oddehaug

Meland kommune

951 549 770

Fødselsnummer/organisasjonsnummer

Kjøpar  Statens vegvesen
Region vest

Jorunn Nesheim

Jorunn Nesheim

For Staten

ved Statens vegvesen Region vest

971 032 081

Organisasjonsnummer

Kontrollert av:

Ingrid Karkvik

